

4. trinn Salhus skule veke 3

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
8.30	Matematikk Lesekvart Divisjon Ballongmetoden Norsk Verb	Matematikk Lesekvart Divisjon Ballongmetoden Skøytedag Vi går 9.30 	Timen livet Psykisk helse Bibliotek Fyfo Engelsk "Michael J. Jordan" 	Matematikk Tekstoppgåver Ballongmetoden Fyfo Norsk Førebuing til fellessamlinga	Matematikk Lesekvart Divisjon Ballongmetoden Test 9-gongen Norsk Diktat vekas øveord Forteljarstol Mikkel
10.35	Mat med midttime.				
11.30	Kroppsøving Aktivitatar i gymsalen  Tema Kva er energi? 		Tema Førebuing til fellessamlinga 	Stasjonsundervisning 3 lesestasjonar 	Symjing 
Slutt:	13.15 alle dagar				

Heimearbeid:

- sjekk **blå lekseperm** for å finne leseteksten, skrivelekse, vekas øveord og matematikklekse.
- **Engelsk, lekse til onsdag:** Quest textbook s. 21", Michael Jordan facts". Fyll inn dei riktige orda på arket som er limt inn i kladdeboka.
- Kroppsøving måndag, hugs gymkle og innesko.
- Pennal med blyant og viskelær kvar dag.
- Ta med biblioteks bøker til onsdag.
- Mikkel i forteljarstolen torsdag.
- Blå lekseperm og grøn vekeplanperm til fredag.
- Det du treng til symjing fredag, hugs badehette, badebukse eller badedrakt, sjampo og handkle.

Den vesle gangetabellen										
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
1	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
2	2	4	6	8	10	12	14	16	18	20
3	3	6	9	12	15	18	21	24	27	30
4	4	8	12	16	20	24	28	32	36	40
5	5	10	15	20	25	30	35	40	45	50
6	6	12	18	24	30	36	42	48	54	60
7	7	14	21	28	35	42	49	56	63	70
8	8	16	24	32	40	48	56	64	72	80
9	9	18	27	36	45	54	63	72	81	90
10	10	20	30	40	50	60	70	80	90	100

Glossary week 2-5

nickname= kallenamn teams=lag height=høgde achievements=bragdar name=namn
jumped=hoppa court=bane dunked=måte å skåre mål på


Vekas øveord: diktat fredag 16. januar

skikkeleg, skyldig, sjangle, sjenert, skjenke og skjulestad

Vekas gongetabell: test 9-gongen 16.1:

9-18-27-36-45-54-63-72-81-90

Mål vi jobbar mot denne veka/perioden:

Norsk 	Kap. 4. Villdyr Etter dette kap. skal eg kunne: - skrive faktatekst - bruke kjelder - skrive ord med kj-lyd rett - Vite kva eit verb er og bøye dei i presens og preteritum Lesing/skriving - Eg kjenner til dei tre leseformene: oversiktslese, leitelese og djupnelese. - Velge bøker ut frå eigne interessar og lesedugleik - lese tekstar med flyt og forståing og bruke lesestrategiar målretta for å lære (før, under og etter lesing) - skrive tekstar med funksjonell handskrift og med tastatur - Bruke komma og andre skiljeteikn - Skrive små og store bokstavar	Ekspertord - djupnelese - oversiktslese - leitelese - OBI - Synonym - Antonym - Verb, infinitiv, presens og preteritum - kjelde - faktatekst
Matematikk 	Kap. 3: Divisjon <u>I dette kapittelet skal eg lære å:</u> - Dividere - sjå samanhengen mellom divisjon og multiplikasjon - løyse tekstoppgåver med divisjon 	Matematiske ord - gongetabell - multiplikasjon - divisjon - fordele i og på grupper - reknestrategi - faktorar og produkt - Ballongmetoden
Engelsk 	Læringsmål - Eg kan lese og forstå den engelske teksten om Michael J. Jordan. - Eg kan uttale og skrive dei nye orda riktig. - Eg kan fortelje om ein tekst eg har lese. - Eg kan lage setningar med dei nye orda.	
Tema	Læringsmål - utforske observerbare storleikar, som fart og temperatur, og knyte dei til energi - samtale om kva energi er, og utforske ulike energikjelder - utforske teknologiske system som er sette saman av ulike delar, og beskrive korleis delane fungerer og verkar saman	

Kunst & handverk er flytta til tysdagar. Denne tysdagen blir det skøytedag. Sjekk melding frå Gro om skøytedag i Vigilo. Der står det kva du skal ha med deg! Hugs å kle deg til å vere ute! Hugs enkel grillmat, varm og kald drikke, vedkubbe, skøytar og hjelm. Ekstra varm gensar og broddar er også lurt.

I **norsk** skal vi denne veka jobbe med verb og vi skal førebu oss til fellessamlinga som 4. trinn er ansvarlege for (29.januar). Vi kjem til å bruke både tema, musikk og norsk øktar til dette arbeidet. Vi flyttar forteljarstol og diktat til fredag. Denne fredagen er det Mikkel sin tur å ta med noko å fortelje om.

I **matematikk** skal vi denne veka jobbe vidare med divisjon. Divisjonsmetoden vi kjem til å innføre heiter ballongmetoden, sjekk figur til høgre. Her er ein video med innføring som kan vere lur å sjå saman med dei vaksne heime.

<https://www.youtube.com/watch?v=QMXhKqkXug>

I **engelsk** skal vi lese fortsetje med teksten om Michael J. Jordan. Vi treng nok tida t.o.m veke 5 på den. Glosene gjeld også for veke 2-5.

I **tema** skal vi jobbe vidare med energi. Nokre tematimar vil også bli brukte til å førebu fellessamlinga vi er ansvarlege for.

Hugs gymklede til måndag det du treng til symjing fredag. Du skal også ha med deg skrivesaker (= blyant og viskelær) kvar einaste dag på skulen.

Divisjon: ballong-metoden

$$959 : 7 =$$

